

# **PLAN FOR KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD 2024-2027**



**Vestnes kommune**

**Vedteke av Vestnes kontrollutval 29.01.2024, sak 07/24**

**Vedteke av Vestnes kommunestyre 08.02.2024, sak 04/24**



# KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

## 1. OM KONTROLLUTVALET

Etter lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) 22.05.2018 § 23-1, er Vestnes kommune pålagt å ha eit kontrollutval. Utvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan og skal på vegne av kommunestyret, utføre den løpande kontrollen med kommunen si forvaltning. Utvalet si uavhengige stilling i høve andre folkevalde organ og administrasjonen, er ivareteken gjennom strenge krav til kven som kan veljast til utvalet.

Kontrollutvalet sine oppgåver er knytt både til kontroll med den kommunale forvaltninga og til påsjånsvar med revisjonen sitt arbeid. Det meste av det som tidlegare regulerte kontrollutvalet sine oppgåver låg i forskrift om kontrollutval. Dette er no teke inn i ny kommunelov. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon regulerer også kontrollutvalet sine oppgåver. Kontrollutvalet sine oppgåver i forskrifta ligg i kapittel 1 og er ei presisering av det som er regulert i lova sitt kapittel 23 om Kontrollutvalets verksemd.

Kontrollutvalet vil i tillegg til plan for verksemda ha ein eigen tiltaksplan for kvart år, med meir spesifisering av planlagte tiltak og oppgåver. Denne blir oppdatert fortløpande.

### 1.1 Utvalet si samansetting

Namn	Funksjon	Parti
Kristen Stokkeland	Leiar	Frp
Torfinn Marken*	Nestleiar	Sp
Karin Hovde	Medlem	V
Carita Frostad Skavnes	Medlem	Frp
Stig Holmstrøm	Medlem	Ap

\*medlem av kommunestyret

Varamedlemmer		
For fellesliste H/SP/SV/KRF/V	Funksjon	Parti
Geir Stokkeland	1.Vara	SV
Hanne Moldver Salthammer	2.Vara	H
Anne Kristine Mediå	3.Vara	SV
For Frp		
Svein Wiik	1.Vara	Frp
Jan Olav Vadseth	2.Vara	Frp
For Ap		
Vidar Venås	1.Vara	Ap
Marianne Egset Wiik	2.Vara	Ap



# KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

## 2. RAMMER

### 2.1 Kontrollutvalet sitt reglement

Kontrollutvalet utøver si rolle i medhald av kommunelova, forskrift om kontrollutvalg og revisjon og eige reglement. Kommunestyret har 02.11.23 sak 60/23, revidert og vedteke eit eige reglement for kontrollutvalet i Vestnes kommune. Paragraf 1 i reglementet seier følgjande:

#### **§ 1. Kontrollutvalet sitt føremål**

*Kontrollutvalet er kommunestyret sitt eige kontrollorgan. Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørge for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Vestnes kommune, og at kommunen leverer sine tenester effektivt og målretta i medhald av lov, forskrifter, statlege føringar og kommunestyret sine intensjonar og vedtak.*

### 2.2 Kontrollutvalet sin strategi

I reglementet for kontrollutvalet står det at kontrollutvalet si hovudoppgåve er å føre løpande kontroll med den kommunale forvaltninga og påsjå at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

### 2.3 Kontrollutvalet si målsetjing

I reglementet står det at kontrollutvalet skal arbeide for

- å medverke til god kvalitet i kommunen sine tenester
- å medverke til god produktivitet og ein effektiv ressursutnytting
- å medverke til å ivareta innbyggjarane sin rettstryggleik i deira kontakt med den kommunale forvaltninga
- å medverke til at politiske vedtak i Vestnes kommune vert følgd opp.

### 2.3 Kontrollutvalet si arbeidsform

I reglementet står det at kontrollutvalet skal halde seg orientert om den administrative og politiske verksemda i Vestnes kommune. Gjennom sitt arbeid skal utvalet legge vekt på samarbeid og opptre på ein uavhengig og politisk nøytral måte. Kontrollutvalet kan ikkje overprøve politiske prioriteringar som er gjort av kommunen sine folkevalde organ eller kommunale organ. Kontrollutvalet vil særleg legge vekt på å følgje opp kommunen sine avgjerdssystem, rutinar og organisasjonen si eiga kvalitetssikring. Gjennom ein aktiv og synleg arbeidsmåte vil kontrollutvalet bidra til at feil og uregelmessige forhold vert førebygd, men i den grad slike forhold kjem føre, vil utvalet påpeike dette.

Kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret. Det er berre kommunestyret som har mynde til å gje pålegg, kontrollutvalet kan berre oppmode eller tilrå.

Om kontrollutvalet skal behandle ei sak, vil vere avhengig av om saka ligg innafor kontrollutvalet sitt mandat. Kontrollutvalet kan også behandle kontaktar frå innbyggjarar eller andre aktørar som meiner dei har ei sak for kontrollutvalet. Kontrollutvalet avgjer sjølv om det kontakten gjeld, høyrer inn under kontrollutvalet sine oppgåver. Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan. Kontrollutvalet følgjer rutiner for handsaming av henvendingar fastset i sak 34/21 den 29.11.2021.

## 3. MØTEPLAN

- Møteplana vert vedteken i det første kontrollutvalsmøtet kvart kalenderår.
- Kontrollutvalet sine møter skal haldast for opne dører på lik linje med andre kommunale utval.
- Kontrollutvalet sine møter vert halde på dagtid.



# KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

- Kontrollutvalet i Vestnes skal halde minst 6 møter kvart kalenderår.
- Ved behov kan kontrollutvalet gjere endringar i møteplana.

## 4. KONTROLLUTVALET SINE OPPGÅVER

### 4.1. Kontroll med forvaltninga

Utgangspunktet for oppgåvene er i hovudsak knytt til reglane i Kommuneleva kap. 23, § 23-2, § 24-9 og kap. 1, § 3 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

Den generelle kontrollen med forvaltninga vert gjennomført med følgjande tiltak:

- Orientering frå kommunedirektøren knytt til saker på kontrollutvalet si oppfølgingsliste.
- Kontrollutvalet får framlagt tertialrapportane for Vestnes kommune.
- Oppfølging av politiske vedtak.
- Kopiar av rapportar frå tilsynsorgan med kommunen sitt svar/oppfølging.
- Innkallingar/protokollar frå kommunestyret og øvrige politiske utval som ligg tilgjengeleg på kommunen si heimeside.
- Kontrollutvalet kan be om informasjon om ulike områder/temaer eller frå ulike einingar. Den overordna analysen som er utarbeidd som grunnlag for forvaltningsrevisjon, skal vere eit hjelpemiddel for kontrollutvalet sin kontroll med forvaltninga, ved å etterspørje informasjon frå einingar og områder som ikkje blir prioritert i forhold til forvaltningsrevisjon.
- Verksemdsbesøk/alternativt orientering frå en einingsleiar.
- Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga. Dette er regulert i kommunelova § 24-9 og inneber at rekneskapsrevisor skal sjå etter om kommunen si økonomiforvaltning i hovudsak foregår i samsvar med bestemmelsar og vedtak. Revisor skal seinast 30. juni avgje ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.

### 4.2. Oppgaver knytt til rekneskapsrevisjon

Utgangspunktet for oppgåvene er i hovudsak knytt til reglane i Kommuneleva kap. 23, § 23-2 og kap. 1, § 3 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

- Ved handsaming av kommunen sitt årekneskap og årsberetning vil kontrollutvalet gje ei fråsegn som vert sendt til kommunestyret. Formannskapet får kopi av fråsegna når dei skal innstille i saka til kommunestyret.
- Alle nummererte brev eller andre typer revisjonsmerknader som revisjonen ønskjer at kontrollutvalet skal følgje opp, vert handsama fortløpande. Nummererte brev som ikkje blir godt nok følgt opp, vert sendt kommunestyret til vidare handsaming.
- Revisjonen sin årsoppgjersrapport vert lagt fram for utvalet og vidare følgt opp av revisjonen, med orientering til kontrollutvalet.

### 4.3. Oppgaver knytt til forvaltningsrevisjon

Utgangspunktet for oppgåvene er i hovudsak knytt til reglane i Kommuneleva kap. 23, § 23-3 og kap. 1, §§ 4 og 5 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er



# KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

konstituert, utarbeide ei plan som syner på kva for områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Plana skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap. Hensikta med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon. Plana skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i plana.

Kontrollutvalet bestilte i møte 13.11.2023 sak 37/23, ein risiko- og vesentlegvurdering frå revisjonen av Vestnes kommune si verksemd og verksemd i selskap som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2027.

Innspel til risikoanalyse frå utvalet vil kome som sak i det første møtet i 2024. Rapport frå risiko- og vesentleganalyse danner grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027. Denne plana skal til handsaming i kontrollutvalet sitt møte 29.04.2024. Plana skal vidare til kommunestyret for handsaming i det siste møtet før sommaren. Etter det dannar plana grunnlag for bestilling av forvaltningsrevisjonsrapportar.

Forvaltningsrevisjonsrapportane blir handsama av kontrollutvalet og vidare i kommunestyret jf. kommunelova § 23-5.

Alle forvaltningsrevisjonsrapportar blir følgt opp av kontrollutvalet i ettertid. Det vil seie informasjon om korleis rapporten sine tilrådingar blir følgt opp av administrasjonen. Dette følgjer av § 5 i Forskrift om kontrollutval og revisjon der det står at kontrollutvalet skal påsjå at kommunestyret sitt vedtak om rekneskapsrevisjonar, forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er fulgt opp.

#### **4.4. Oppgåver knytt til eigarskapskontroll**

Utgangspunktet for oppgåvene er i hovudsak knytt til reglane i Kommunalova kap. 23, § 23-4 og kap. 1, §§ 4 og 5 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ei plan for hva for eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Plana skal basere seg på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sine eigarskap. Hensikta med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for eigarskapskontroll. Plana skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i plana.

Kontrollutvalet bestilte i møte 13.11.2023 sak 38/23, ein risiko- og vesentlegvurdering frå revisjonen av Vestnes kommune si verksemd og verksemd i selskap som grunnlag for plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2027.

Innspel til risikoanalyse frå utvalet vil kome som sak i det første møtet i 2024. Rapport frå risiko- og vesentleganalyse danner grunnlag for plan for eigarskapskontroll 2024-2027. Denne plana skal til handsaming i kontrollutvalet sitt møte 29.04.2024. Plana skal vidare til kommunestyret for handsaming i det siste møtet før sommaren. Etter det dannar plana grunnlag for bestilling av eigarskapskontrollar.

Eigarskapskontrollane blir handsama av kontrollutvalet og vidare i kommunestyret jf. kommunelova § 23-5.



# KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

Alle eigarskapskontrollar blir følgt opp av kontrollutvalet i ettertid. Det vil seie informasjon om korleis rapporten sine tilrådingar blir følgt opp av administrasjonen og andre organ. Dette følgjer av § 5 i Forskrift om kontrollutval og revisjon der det står at kontrollutvalet skal påsjå at kommunestyret sitt vedtak om rekneskapsrevisjonar, forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er fulgt opp.

## 4.5. Oppgåver knytt til budsjett for kontrollarbeidet

Utgangspunktet for oppgåvene er reglane i forskrift om kontrollutval og revisjon § 2 om kontrollutvalets rolle i fastsettinga av budsjettet for kontrollarbeidet.

Kontrollutvalet skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følgje innstillinga til årsbudsjettet etter kommunelova § 14-3 tredje ledd til kommunestyret.

- Kontrollutvalet handsamar forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Vestnes kommune i første møte kvar haust. I forslaget ligg ramme for kontrollutvalet si verksemd, revisjonen si verksemd og sekretariatet si verksemd.
- Kontrollutvalet sitt forslag skal følgje budsjett-/økonomiplansaka frå formannskapet til kommunestyret.

## 4.6. Oppgåver knytt til påsjå-ansvaret overfor revisjonen

Utgangspunktet for oppgåvene er i hovudsak knytt til reglane i KommuneLOVA kap. 23, § 23-2 og kap. 1, § 3 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

- Revisjonen rapporterer om si verksemd gjennom revisjonen sin «åpenhetsrapport», gjennom oppdragsavtale og engasjementsbrev og elles ved behov.
- Oppdragsansvarleg revisor både for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon skal legge fram sin vurdering av uavhengigheit.
- I første møtet kvar haust orienterer revisjonen om revisjonsstrategien for revisjonsåret. Revisjonen si plan for revisjon av Vestnes kommune er til ei kvar tid tilgjengeleg for utvalet.
- Kontrollutvalet skal motta eit oppsummeringsnotat frå interimrevisjonen og eitt frå årsoppgjersrevisjon.
- Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, jf. Rettleiarar, vert gjennomført i samband med utvalet si fråsegn til årsrekneskap og årsberetning.

## 4.7. Oppgåver knytt til rapportering

Utgangspunktet for oppgåvene er i hovudsak knytt til reglane i KommuneLOVA § 23-5. Kontrollutvalet skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret.

- Kontrollutvalet sin årsrapport vert handsama i det første møte kvart år, og vert oversendt kommunestyret til handsaming. Kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret om resultat av gjennomført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i årsrapporten.
- Rapportar etter gjennomførte forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar, forenkla etterlevingskontrollar, andre bestillingar og eventuelle oppfølgingar av nummererte brev, vert sendt fortløpande til kommunestyret.
- Kontrollutvalet sin verksemdsplan for kvar valperiode vert handsama innan eit år etter kvart kommuneval og vert sendt kommunestyret til handsaming.
- Rapport frå kontrollutvalet si verksemd i valperioden vert oversendt kommunestyret til handsaming ved slutten av kvar valperiode.



# KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

## 5. Opplæring- og erfaringsutveksling

Kontrollutvalet sine oppgaver er mange og store og ein ser behov for ein jamleg oppdatering av kunnskapar. Dette er vist gjennom kontrollutvalet sitt forslag til budsjett som inneheld ein post til opplæring/kursverksemd.

- Kontrollutvalet ønskjer å vere representert med medlemmer på Norges kommunerevisorforbund (NKRF) sin kontrollutvalskonferanse som vert arrangert kvart år.
- Vestnes kommune er medlem i Forum for kontroll og tilsyn (FKT). FKT sitt formål er å vere ein møte- og kompetanseplass for mennesker som arbeider med kontroll og tilsyn i kommunane, Sametinget og fylkeskommunane. Det vert kvart år avvikla årsmøte og fagkonferanse. Kontrollutvalet ønskjer å vere representert med medlemmer på denne møteplassen.
- Kontrollutvalssekretariatet for Romsdal inviterer kvart år til ein opplæringsdag for kontrollutvalsmedlemmar og varamedlemmar i kommunane knytt til sekretariatet.
- Kontrollutvalet og sekretariatet vil fortsette arbeidet med å informere om kontroll, bl.a. gjennom sekretariatet si heimeside og ved å oppfordre kommunen til å orientere om kontrollutvalet si verksemd på kommunen si heimeside.